



## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Ove Sæbø	Arkivkode: FA-F30
Arkivsaksnr: 22/186	Løpenr: 22/2456
Sakstype: Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	07.04.2022	017/2022

## Busetting av flyktningar 2022 - oppmodingstal frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI)

### 07.04.2022 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Martin Haugen spurde om det burde gjennomførast ei vurdering av gildskapen hans. Bakgrunnen for dette er at han har meldt inn til kommunen at han har ein ledig bustad som vil kunne leigast ut til flyktningar, og at han ut frå dette kanskje kan ha ei økonomisk interesse i saka. Etter råd frå rådmannen vart det avklart at det ikkje var behov for å gjennomføra ei gildskapsvurdering for Martin Haugen som følgje av dette.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### KS- 017/2022 Vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner å busetje 30 flyktningar i tråd med oppmodingstal frå IMDI. Dette talet inkluderer ikkje evt. familiegjenforeining.
2. Kommunestyret gjev rådmannen fullmakt til å disponere tilskota kommunen mottek til føremålet. Det inneber mellom anna å bemanne opp administrasjonen og dei tenestene som er naudsynte for å kunne gje flyktningane eit velfungerande bu- og opphaldstilbod. I tillegg kan det tyde å inngå leigeavtalar om bustadar, innkjøp av naudsynt utstyr som flyktningane treng i det daglege, samt innkjøp/leasing/leige av bil som flyktningtenesta (NAV) kan disponere.
3. Finansiering av tiltaka skal skje innanfor ramma av integreringstilskotet som følg med flyktningane som vert busette i Samnanger kommune.
4. Rådmannen skal jamnleg rapportere status på bruk av fullmakt til kommunestyret.

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner å busetje 30 flyktningar i tråd med oppmodingstal frå IMDI. Dette talet inkluderer ikkje evt. familiegjenforeining.

2. Kommunestyret gjev rådmannen fullmakt til å disponere tilskota kommunen mottok til føremålet. Det inneber mellom anna å bemanne opp administrasjonen og dei tenestene som er naudsynte for å kunne gje flyktningane eit velfungerande bu- og opphaldstilbod. I tillegg kan det tyde å inngå leigeavtalar om bustadar, innkjøp av naudsynt utstyr som flyktningane treng i det daglege, samt innkjøp/leasing/leige av bil som flyktningtenesta (NAV) kan disponere.

3. Finansiering av tiltaka skal skje innanfor ramma av integreringstilskotet som følgjer med flyktningane som vert busette i Samnanger kommune.

4. Rådmannen skal jamnleg rapportere status på bruk av fullmakt til kommunestyret.

#### **Dokument som er vedlagt:**

Vedr. 22-02061-1 - Ny oppmøding 2022 - Samnanger kommune (3)

#### **Kva saka gjeld:**

Etter at det braut ut krig i Ukraina 24. februar i år har store folkemengder blitt drivne på flukt. Somme innad i landet, medan mange har måtte forlate heimlandet sitt for å søkje ly og tryggleik i andre europeiske land. Europa har ikkje opplevd tilsvarende masseflukt sidan den 2. verdskrigen.

Situasjonen er særskild dramatisk for Ukraina og nabolanda som følgjer av dei humanitære behova som fortløpande spelar seg ut. <https://www.udi.no/krisen-i-ukraina/>  
Noreg har vedteke at ukrainske flyktningar skal få mellombels kollektivt vern. Dette er heimla i eit særskilt løyve i utlendingslova § 34 som kan nyttast i ein massefluktsituasjon.

Noreg vil måtte auke opp og sikre kapasitet til å ta i mot eit mogleg stort tal flyktningar i tida framover. Det er framleis ukjent kor stort behovet for busetting vert i år, men det er venta ein auke i vekene og månadane framover. Samnanger kommune mottok ein førespurnad frå IMDI 04.03.22 kor kommunen vart beden om å melde tilbake mogleg kapasitet og rask tilgjengelegheit på busettingsplassar. Svarfrist var 10.03.22. I samråd med ordførar meldte rådmannen tilbake eit måltal på 30 flyktningar. Det er kommunestyret som vedtek rammene for mottak/busetting av flyktningar, (jfr. delegeringsreglementet pkt. 4.2 x).

Det følgjer finansiering med kvar flyktning. Denne er meint å skulle dekkje dei kostnadane kommunen har ved busettinga. Stønadene kommunen mottok gjeld for kvar flyktning i 5 år.

<https://www.imdi.no/tilskudd/integreringstilskot/>

Det er uvisse knytt til endeleg tal flyktningar som kommunen mottok, samt tidspunkt for kva tid dei kjem. Samstundes er me avhengig av å ha på plass tilsett - flyktningkonsulent – som kan førebu og følgje opp det ansvaret som kommunen tek på seg. Ved at det er varsla mange flyktningar over kort tid, er vurderinga at det ikkje er særleg høg risiko knytt til etablering av ein 100 stilling som flyktningkonsulent.

#### **Vurderingar og konsekvensar:**

Rådmannen har vurdert og beslutta at koordineringsarbeidet knytt til mottak og busetting av flyktningar vert lagt til NAV-tenesta vår. Tenesta har allereie gjennomført fleire koordineringsmøter med øvrige tenesteområde som barnehage, skule, helse og barnevern. Her har behov og ressursar blitt drøfta. Tilbakemeldinga frå NAV-leiar er at tenestene er budde til å ta i mot 30 flyktningar, og at dei er godt i gong med å rigge seg for dei utfordringane som må møtast.

Det er god kompetanse i organisasjonen, ikkje minst er det tilsette som også tok del i flyktningkrisa som gjekk føre seg i 2015-2016 med tilhøyrande introduksjonsprogram.

Kommunen har hatt ute førespurnad til innbyggjarane om ledige bustadar (hus, leiligheter m.m) som

kan nyttast til å busette flyktningar når dei kjem. Responsen har vore særst god og me har i dag eit godt utgangspunkt for å kunne komme vidare i arbeidet. Rådmannen si vurdering er at det vil vere føremålstenleg om det verte gjeve eit rammeløyve frå kommunestyret til å handtere dei problemstillingar som fortløpande vil komme i arbeidet med å busetje flyktningar hjå oss. Det vil mellom anna kunne innebere å inngå leigeavtalar (bustadar) og innkjøp av naudsynt utstyr som flyktningane treng i det daglege. I tillegg kan det bli aktuelt å gå til innkjøp/leige/lease bil som flyktningetenesta kan nytte i arbeidet. Rammefinansieringa består av integreringstilskot som kommunen mottok frå IMDi og som føl kvar flyktning over ein periode på 5 år.

Samnanger kommune er på mange vis budde til å gjere ein god innsats for å ta imot og busette 30 flyktningar. Rådmannen vil oppmode om at det etter kvart også kan vurderast å auke talet utover 30. Det er såleis ikkje utenkjeleg at det vil komme fleire oppmodingstal frå IMDi dersom krisa tilseier det.

Det er råd å tenkje seg at mange av flyktningane frå Ukraina raskt vil kunne finne seg til rette i det norske samfunnet. Det er usikkert kor langt tid me skal planlegge for at flyktningar vert verande i Noreg. Både dei sjølv og me som kommune vil ynskje at dei skal få komme attende til heimlandet sitt så snart som råd, men samstundes må me av fleire grunnar planlegge for at dei kan bli verande lenge i kommunen. Dette er noko både introduksjonsprogrammet for vaksne og barnehage-/skuletilbodet for barn må ta høgde for.

Rådmannen vil avslutningsvis peike på at det vert opplevd å vere eit stort engasjement både i lokalsamfunnet og i organisasjonen vår. Dette vil vere særst viktige bidrag for å lukkast når me etter kvart skal utfordre kapasiteten vår til beste for våre nye medborgarar.